



**Det har kome ein god del nedbør i dei siste dagane, sist i morgontimane torsdag og særleg ei gruppe har vore glade for det: Elvefiskarane! Dei har så langt denne sesongen, som no har vara ein månad, klaga over for lite vatn. Sjølv ikkje etter regnskylllet over Nåso laurdag vart det nokon stor fiskeoppgang sjølv om vassføringa auka monaleg.**

Men idag er fleire av dei trufaste fiskarane lokka av regnet og i morgontimane har det vore ein viss aktivitet langs dei nedre delane av elva (biletet).

Tre-fire fiskarar vart observert, men truleg vart det ikkje fangstar som er verd å notera.

Storfiskar Geir Eidsvik, ein av dei som prøvde seg også etter dette regnet, hadde forklaringa: Det er framleis for lite vatn i elva.

Så då får vi berre, på vegne av fiskarane, håpa på meir regn!

(Foto: Ola Matti Mathisen)